



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

07.05.2024

Vår ref:

2022/1931

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Høyring av verneforslag for Eimhjellen naturreservat, frivillig skogvern i Gloppen kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Eimhjellen naturreservat i Gloppen kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 10. juli 2024.

Det føreslegne naturreservatet i Eimhjellen er lokalisert på gards- og bruksnummer 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 24/5, 24/6, 24/7, 24/8, 2411, 24/12, 24/14 og 24/15 i Gloppen kommune. Det samla arealet vi foreslår til vern har ein storlek på 6060 dekar. Av dette er kring 5223 dekar skogdekt, og om lag 4511 dekar er produktiv skog. Arealet er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Det har kome endringar i arealet etter oppstartsmeldinga, og vil kunne kome ytterlegare justeringar før tilråding.

### Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2024 var omlag 5,3 prosent av skogarealet og ca. 4 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har verna 3,3 prosent av skogen i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

### Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på



levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjøre for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane i kandidatområdet Eimhjellen, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretakne.

### Kor ligg Eimhjellen?

Kandidatområdet Eimhjellen ligg mellom Nordfjord og Sunnfjord i Vestland fylke. Det føreslegne naturreservatet er lokalisert i ei nordvendt li som strekk seg fra Krokstadvatnet over Lonene og langs Storfjorden/Endestadvatnet i det sørvestlege hjørnet av Gloppen kommune. Det er eit stort og samanhengande areal i sørboREAL og mellomboreal sone, plassert i sterk oseanisk seksjon.

Berggrunnen består av næringsrike berg som metasandstein og glimmerskifer, og eit belte av fyllitt. Området er eksponert for vind og vêr, og det renner fleire bekker og elver i lisida.



Figur 1 Det er stor variasjon i landskapet langs tilbodsområdet sør og aust for Eimhjellevatnet ned mot kommunegrensa mot Kinn. Fleire bekker renn gjennom området frå fjellet og mot vatnet. Arealet ligg i sterk oseanisk seksjon, som indikerer at det er høg humiditet eller vassmetting i lufta. Fuktig havluft kjem inn over land og vatnet blir "slept" når skyene blir avkjølt i møtet med høge fjell. Foto: Vebjørn Enerstvedt /At Skog.

### Nye artar er oppdaga for vitskapen i dette området

Undersøkingar i felt vart gjennomført av Geir Gaarder, Helge Fjelstad og Ulrike Hanssen i samband med prosjekt Kystfuruskog i 2015. Kartlegginga var utført på oppdrag frå Miljødirektoratet, les meir ved å følgje [denne lenkja](#). Området har vore undersøkt fleire ganger. Vi vurderte at det ikkje var naudsynt med nye kartleggingar etter å ha motteke tilbodet om areal til skogvern fordi kunnskapsgrunnlaget er godt nok frå tidlegare. Nye artar er oppdaga for vitskapen i dette området,



som til dømes nipdraugmosen (EN, sterkt truga på den norske raudlista), som vart oppdaga og skildra første gang her av E. Jørgensen i 1902. Huldrestry (i same nabolag, i Brandatjørna naturreservat) vart oppdaga ny for Vestlandet av Kavli i 1970. Eimhjellen dekker god variasjon av skog med både furu, boreal lauvskog som bjørk og osp, samt varmekjære treslag som eik og alm med god aldersvariasjon. Gjennomgåande har området fleirsjikta eldre skog, det er stadvis storvaksen og grov skog, samt område med gadd og lægder. Området er i stor grad urørt. Sjølv om det er fattig furuskog som dominerer er det også lauvskog, med både boreal utforming og enkelte bestandar av varmekjære treslag av eik og alm, særleg i austre delar av kartleggingsområdet. Eimhjellen dekker både raudlista artar og raudlista naturtypar. Det er store areal av boreal regnskog med furu, samt fattig boreonemoral regnskog i dei nedre delar av lisidene. Også rik og gamal edellauvskog er registrert innanfor oppstartsarealet som t.d. gamal almeskog. Innanfor tilbodsområdet er det registrert 13 ulike raudlista artar, mellom andre nipdraugmose (EN) og kystkantlav (EN). Nipdraugmose ([du kan lese meir ved å følgje denne lenkja](#)) har både nasjonal og internasjonal interesse, og andre artar er regionalt sjeldne. Det er eit klart potensial for å finne fleire krevjande og raudlista artar.



Figur 2 Eimhjellen er eit nasjonalt verdifullt naturområde som både husar regnskog og rik edellauvskog. Her trivst artar som er uvanleg sjeldne, som til dømes den kritisk truga nipdraugmosen. Den trivst berre her og eit fåtalls andre stader som i Skottland og i Himalaya. Foto: Vebjørn Enerstvedt/ AT Skog.

### Vi vurderer Eimhjellen til å være svært verdifullt

Med bakgrunn i mangelanalyser i skogvernet skårar Eimhjellen høgt på dekning av regnskogsmiljø, i tillegg til at området inkluderer andre kvalitetar knytt til kystnære skogmiljø og edellauvskog. Området dekker også manglar i skogvernet ved at over halve arealet har høg eller særhøg bonitet.



Eimhjellen er stort, samanhengande og lågtliggjande. Området er del av eit større areal som også går inn i Kinn kommune som vart vurdert som eit seks-stjerners område i kystfuruskogskartlegginga i 2015. Vi vurderer området til å vere nasjonalt svært verdifullt og viktig å prioritere for å ta vare på for kommande generasjonar.

### **Heimelsgrunnlag og konsekvensar av vernet**

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Eimhjellen. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.

### **Brukinteresser**

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bålbrannning vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Det er enkelte stiar i området, men det er lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går opp til ein gammal tuft på Kamben, og denne vil bli gått opp med GPS i løpet av høyrysperioden slik at den kjem inn på vernekartet. Til no er det mest bygdefolk, jegerar og beitedyr som nyttar stiane. Rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar kan forvalningsstyresmakta gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Det er beitedyr i området. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar. Det vil vere mogeleg å ri med hest og sykle på traktorvegen i aust og i vest som er avmerkt på vernekartet, men ikkje utanfor disse to.

Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terregngåande beltekøyretøy, om forvalningsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades. Det vil vere mogeleg å frakte ut felt storvilt med kløvhest. Nokre grunneigarar ønskjer å utvikle bygdeturisme og leggje til rette for meir friluftsliv. Det er gran i verneområdet, og disse vil kunne fjernast på sikt dersom vi vurderer at dei er i ein spreiingsfase og kan truge verneverdiane.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvalningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Ein kan også søkje om dispensasjon til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksem i samsvar med plan godkjent av forvalningsstyresmakta. Ein kan vurdere å skrive ein forvalningsplan for området dersom det er mange brukinteresser som ønskjer avklaring og meir føreseielege rammer.

Det går ei kraftlinje gjennom den vestlege delen av det tilrådde verneområdet, der Linja AS er områdekonsesjonær. Sogn og Fjordane Energi (SFE) Produksjon er konsesjonær for kraftverka Skogheim og Sagefossen i Osenvassdraget som grensar til det føreslegne verneområdet.



Eimhjellevatnet er regulert med 2 meter og er inntaksmagasin til Sagefossen kraftverk, og det er ikkje planar per i dag å auke høgste regulerte vasstand (HRV) på Eimhjellevatnet. Gjengedal kraftverk er under utgreiing og det er fire alternative linjetrasear som blir vurdert. Eitt av disse vil kunne påverke eit naturreservat i stor grad, det andre alternativet gjennom oppgradering av eksisterande linje. To alternativ går utanom. Meir om dette i neste kapittel.

### Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 12. mars 2024. Innan fristen den 15. april fekk vi inn ni innspel. Innspelet frå Sigmund Eimhjellen vart kopiert ut frå eit dynamisk Google Docs-dokument den 17. april og lagt inn på arkivsystemet vårt. Innspela er omtalt under. Etter fristen fekk vi innspel, datert den 25. april, frå Hywer AS, så endeleg tal innspel er no 10.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga. Direktoratet etterlyser skjema for avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang og vurderingane av området i avvegingsmatrisa i førekant av oppstartsmeldinga.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for dette området før dei nye føringane med avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for Eimhjellen.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår oss å nytte namnet Eimhjellen naturreservat på kandidatområdet. Namnet Eimhjellen vart vedteke den 11. mai 2001 som gardsnamnet på gardsnummer 24 i Gloppen kommune, og er såleis korrekt å nytte i offentleg samanheng.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og nyttar Eimhjellen naturreservat i det vidare arbeidet.

Midtvegen 615 skriv i sitt innspel at dei jobbar for betre veg gjennom Hyen, og vurderer at planane om nye vegtrasear ikkje kjem i konflikt med planane om frivillig skogvern på Eimhjellen.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspelet til etterretning.

Statnett skriv til oppstartsmeldinga at det planlagde skogvernet på Eimhjellen ikkje påverkar deira anlegg eller planar og har dermed ikkje merknadar til verneprosessen, og Statens vegvesen skriv i sitt innspel at det ikkje er offisielle vegar eller andre interesser i eller nær området og at dei difor ikkje har merknadar til oppstartsmeldinga.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspela til etterretning.



Sigmund Eimhjellen har sendt inn innspelet til oppstartsmeldinga, og bidreg med eit åtte siders dokument. Innspelet inneheld mange moment. Vi tolkar han dit at skogen gjerne bør inngå i ein sirkulær økonomi heller enn å bli verna for all framtid og at t.d. om skogen ikkje blir skjøtta eller rotnar vil det utgjere eit betydeleg klimaproblem. Vi tolkar innspelet dit at det er betre at ein hogger og steller og forynger skogen. Vi oppfattar han også dit han at erstatningstilbodet til grunneigarane er for lågt.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi set pris på innspelet frå Sigmund Eimhjellen, og vil sende hans og alle andre innspel i si heilsak til Miljødirektoratet når vi tilrår saka vidare i systemet. Statsforvaltaren har årlege oppdrag frå overordna styresmakter å verne gamal og verdifull skog i fylket, og visar til mål vedteke av Stortinget om 10 % skogvern i Noreg. Grunneigarane på Eimhjellen har signert avtale om frivillig skogvern, og vi går difor vidare med verneprosessen etter dialog og etter avtale med disse. Det er i dag verna om lag 3,3 % skog i Vestland fylke, og det er såleis mykje skog tilgjengeleg att som bidrag inn i ein sirkulærøkonomi. Det har vore forhandla om erstatning, og kort tid etter vernevedtak vil alle grunneigarane få utbetalt erstatninga til sine konti. Det er einigkeit om storleiken på erstatninga.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv at kryssande det føreslegne verneområdet er nettanlegg drifta av Linja AS, og ber Linja AS om å uttale seg om eksisterande og framtidige planar og prosjekt for området og om utkastet til forskrift er tilstrekkeleg. Det føreslegne verneområdet grenser ved magasinet til Eimhjellevatnet, der vatnet blir brukt av Sagefossen kraftverk, eigd av Sogn og Fjordane Energi AS. Det er ein buffer mellom vernegrensa og høgste regulerte vasstand (HRV), men NVE ber Sogn og Fjordane Energi AS vurdere å gje innspelet til verneforslaget og om det kan kome i konflikt med eventuelle oppgraderingar av reguleringa som krev ei auka HRV i framtida eller andre behov, som til dømes skogrydding eller motorferdsel i verneområdet. Rett ved føreslegens vernegrense i nordaust har Hywer AS konsesjon for å byggje opp Haugaelva kraftverk, og NVE ber Statsforvaltaren om å etablere dialog med Sogn og Fjordane Energi AS og Hywer AS for å sikre at kraftverk og vassmagasin er ivaretakte i verneforslaget.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi ser at Linja AS, Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og Hywer AS har fått kopi av brevet frå NVE, der det også er vist til nettsaka vår med oppstartsmeldinga for frivillig skogvern i Eimhjellen. Vi har motteke innspelet frå SFE Produksjon til oppstartsmeldinga, sjå omtale lengre opp i dette dokumentet. Disse tre aktørane står som mottakarar i høyringa. Haugaelva kraftverk har fått utsett frist frå NVE, i brev frå 2022, fram til 2027 for å bygge ut kraftverk i Haugaelva. Vi vil gjerne ha stadfesting frå Hywer AS, men ser på det noverande tidspunktet ikkje at frivillig skogvern skal kunne ha påverknad på kraftutbygginga.

Gloppen kommune skriv i sitt innspelet til oppstartsmeldinga at Statsforvaltaren må sikre at grunneigarane vert godt opplyst om konsekvensar som vernet kan ha, også for tiltak utanfor verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 49. Kommunen skriv vidare at ikkje alle grunneigarar er klar over denne heimelen, og det kan vere vanskeleg å sjå konsekvensane av vernet på det noverande tidspunktet og i kva tilfelle naturmangfaldlova § 49 vil kunne gjelde. Statsforvaltaren bør vidare søkje å opplyse om alle sider av vernet lokalt og at grunneigarane har så god informasjon som mogeleg. Avtaler mellom stat og grunneigarar bør også presisere på kva vilkår som skal gjelde ved t.d. uttak av uønskte treslag i verneområdet dersom dette er aktuelt.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi ser gode poeng i innspelet til Gloppen kommune, og kan vise til at sakshandsamar hos Statsforvaltaren var på grunneigarmøte i Eimhjellen den 29. januar 2024 for å sikre nær dialog med




grunneigarane. På møtet vart det teke opp spørsmål t.d. om tema som utanforliggjande aktivitet som kunne ha påverknad innanfor vernegrensa, og uttak av gran var også tema. Ut i frå møtet er vi sikre på at alle grunneigarane som var til stades fekk all den informasjonen dei ønskja, og sakshandsamar har også svart på alle spørsmåla i ettertid som har vore kanalisert via AT Skog frå grunneigarar. Verneprosessen er også ein kanal der andre enn grunneigarane kan ta kontakt og få svar om dei lurer på noko. Når det gjeld gran i verneområdet verkar dei grunneigarane som har slike uønskte treslag på sine teigar letta over at staten signaliserer at vi kan fjerne disse på sikt, når vi har midlar og kapasitet, etter vernevedtak. Grana blir kompensert til grunneigar gjennom erstatningstilbodet.


Sogn og Fjordane Energi Produksjon (SFE) er konsesjonær for kraftverka Skogheim og Sagefossen i Osenvassdraget og sendte innspeil til skogvernsaka i oppstartsfasen. SFE skriv at Eimhjellevatnet er regulert med 2 meter og er inntaksmagasin til Sagefossen kraftverk. Per dags dato har ikkje SFE planar om å auke høgste regulerte vasstand (HRV) i Eimhjellevatnet. Ved Martegjølet er det eit inntakspunkt som leiar ut i Vassenden (sjå figur 3), utløpspunktet ligg relativt nært inntil det føreslegne verneområdet. SFE treng tilkomst som i dag for drift og vedlikehald, men vurderer at verneforskrifta § 4 bokstav d vil dekke vedlikehald av anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. Dersom det blir behov eller krav frå NVE for å rehabiliterer overføringa burde det vere rom også for dette i verneforskrifta. SFE skriv vidare at våren 2023 varsla dei på ny eit ønskje om å byggje ut Gjengedal kraftverk. Med det krevst netttilknytting via ein av fire alternative linjetrasear. Alternativ 1 er å oppgradere eksisterande trasé som går gjennom verneområdet i det sørvestlege hjørnet. Verneforskrifta må difor ha omsyn til denne linja og eventuelle framtidige oppgraderingsbehov, slik SFE ser allereie ligg inne i verneforskrifta med § 4 bokstav l og m.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Området vi foreslår til naturreservat går ikkje heilt ned til Eimhjellevatnet og vi oppfattar det såleis ikkje som motstridande interesser om HRV skulle endre seg. Det nærmaste vernegrensa kjem Eimhjellevatnet er i underkant av 30 meter og grovt rekna 10-15 meter i høgdeforskjell. Framleggget vårt vil riktig nok gå ned til vatnet i Sørevika på Krokstadvatnet, men ut i frå vår forståing av tilgjengeleg data i fylkesatlas er ikkje Krokstadvatnet regulert. Vi ber SFE i så fall gje tilbakemelding om dette. Ved behov for eventuell rehabilitering av overføringa frå Martegjølet til Vassenden vil det vere naturleg å nytte tilkomst frå vegen som går via Storemyra frå nordleg retning, sjå figur 3. Verneområdet (markert med gult) er på motsett side av den naturlege tilkomsten, og vi ser ikkje at det er naturleg å måtte gå omvegen via verneområdet for å utføre eventuelt anleggsarbeid. Gje oss gjerne tilbakemelding om dette. Vi er einige med SFE at standard formulering i verneforskrifta for drift og vedlikehald (§ 4 bokstav l), og oppgradering og fornying (§ 4 bokstav m) av kraftlinjer skal ta høgde for slik aktivitet, og då ligg føresetnaden til grunn at arbeidet ikkje skal påverke verneføremålet nemneverdig. Dersom tiltaket vil påverke verneføremålet nemneverdig, til dømes felling av tre eller anna større påverknad på vegetasjonen vil forvalningsstyresmakta kunne vurdere tiltaket som ein dispensasjonssak etter verneforskrifta § 7 bokstav h. Når det gjeld netttilknytting for eit mogeleg Gjengedal kraftverk vil alternativ 3 med linjeføring gjennom eit framtidig verneområde ikkje vere foreinleg med verneføremålet eller statusen som naturreservat. Det er nasjonale og nær internasjonale naturverdiar i området med kritisk truga artar og raudlista naturtypar i denne skogen, og så lenge det finst alternative trasear vil det vere det beste å planleggje vidare langs andre trasear. Vi har gjerne dialog med SFE om dette i høyningsperioden.



Figur 3 Oversikt over framlegget til naturreservat (gult), utbygd magasin i Eimhjellevatnet (blått), inntakspunkt i Martegjølet og overføringslinje til magasinet. Krokstadvatnet i vest med røde prikker på Sagefossen kraftverk. Den eksisterende kraftlinja går fra kraftverket mot sørvest. Kjelde: fylkesatlas



Figur 4 I utgreiinga av Gjengedal kraftverk blir det jobba med fire alternative linjetrasear. Alternativ 1 vil følgje dagens trasé gjennom det føreslegne Eimhjellen naturreservat. Alternativ 3 blir greidd ut å gå gjennom hele den verneverdige skogen vi no greier ut som naturreservat. Kjelde: SFE Produksjon



Hywer AS er utbyggar av Haugaelva kraftverk som ligg tett på området for frivillig skogvern. Dei planlegg oppstart av utbygginga hausten 2024, og gjer innspel om at vernegrensa ligg svært tett inntil inngrepsområdet for kraftanlegget. Hywer AS ønsker å sjå meir i detalj på vernegrensa for å sikre at grensa og anleggsområdet ikkje kjem i konflikt. Dei skriv vidare at Haugaelva kraftverk vart gitt konsesjon 26.06.2017, konsesjonen vart etter søknad i 2022 forlenga med byggefrist til 26.06.2027. Status på prosjektet no er at detaljplan for landskap og miljø er inne til behandling hos NVE og at dei har planlagt synfaring med NVE i høve detaljplanen i midten av mai. Detaljplan var til høyring i fjor vår og la ved eit arealbrukskart som vedlegg til innspelet. I e-post datert den 26. april ber Hywer AS om at verneområdegrensa blir flytta slik at ny verneområdegrense vil ligge med ein buffer på 10 meter unna anleggssona.

#### Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi deltok i digitalt møte med Hywer AS den 25. april 2024, same dag vi fekk innspelet om mogeleg konflikt mellom verneområdegrensa og anleggsområdet for kraftverket. Hywer AS informerte at dei skulle ut i felt for å gå opp traseen i byrjinga av mai. Vår oppmåling på kart syner at ved å endre på vernegrensa slik Hywer AS ønsker får verneområdet ein reduksjon på om lag 6,3 dekar. Grunneigar vil få redusert erstatning med eit redusert areal, men grunneigar er også medeigar i kraftverket og orientert om denne arealkonflikten. Grunneigar godkjenner såleis å redusere på sitt skogverntilbod i tråd med Hywer AS sitt innspel.

#### Endringar sidan oppstart

Det er gjort mindre endringar på teigane tilhøyrande gards- og bruksnummer 24/4, 24/6 og 24/11 etter grunneigarane sitt ønske og godkjenning sidan oppstartsmeldinga vart sendt ut. Totalarealet har såleis blitt redusert frå 6072 dekar til 6066 dekar.

#### Forvaltningsstyresmakt

Fastsetting av forvaltningsstyresmakt for Eimhjellen naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men myndigheten er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Gloppen kommune ønsker delegert forvaltningsmyndighet må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndighet gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunen vert tilbudd å bli forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilsak ligg innafor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ønsker å bli forvaltningsstyremakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigkeit.

Grunneigarane ytra ønske om det kan bli vurdert å leggje forvaltninga av eit framtidig Eimhjellen naturreservat til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre.



## Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet i Eimhjellen slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. **Frist for å kome med innspel er 10. juli 2024.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1      Framlegg verneforskrift Eimhjellen, Gloppen
- 2      Framlegg til vernekart Eimhjellen, Gloppen



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forsvarsbygg	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NTNU	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Torgarden		
Natur og ungdom	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 4783	0506	OSLO
Norges Bondelag	Sofienberg		
Norges Dykkeforbund	Postboks 5465	0305	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Majorstuen		
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 9354	0135	OSLO
	Grønland		
	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
	Postboks 94	1378	NESBRU



Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO



Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
HYEN BONDELAG		6829	HYEN
HYEN IDRETTSLAG	c/o Hanna Ommedal Aa Straumsholmen 22	6829	HYEN
HYEN JEGER OG FISKARLAG	v/ Geir Kjetil Aa Hope	6829	HYEN
HYEN RØDE KORS HJELPEKORPS	Ola Henning Ommedal	6829	HYEN
EIMHJELLEN BEITELAG	Eimhjellen	6829	HYEN
EIMHJELLEN GRENDALAG	v/Narve Eimhjellen Eimhjellen	6829	HYEN
GLOPPEN BONDELAG		6823	SANDANE
Sogn og Fjordane Energi AS			
SFE PRODUKSJON AS	c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
HYWER AS	Dalstunet 15	6963	DALE I SUNNFJORD
LINJA AS AVD GLOPPEN		6823	SANDANE
MIDTVEGEN 615 AS	c/o Olav Klungre Hyevegen 4060	6829	HYEN
Sigmund Jakob Eimhjellen	Pernillevegen 13	6814	Førde